



Kolås barnehage  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1192 - 16/27333

Saksbehandlar:  
Astrid Namtvedt Sylta  
syas@lindas.kommune.no

Dato:  
03.10.2016

## Vedtak om godkjenning av Kolås barnehage etter Lov om barnehage § 10

### Dokument i saka:

Lov om barnehage § 6 *Virksomhetens plikt til å søke godkjenning*  
Lov om barnehage § 10 *Godkjenning*

### Lovheimel: Barnehagelova § 6 Virksomhetens plikt til å søke godkjenning

Virksomheter som har ansvar for barn under opplæringspliktig alder, plikter å søke godkjenning som barnehage når:

- a. *Virksomheten er regelmessig og ett eller flere barn har en ukentlig oppholdstid på mer enn 20 timer, og*
- b. *Antall barn som er til stede samtidig er ti eller flere når barna er tre år eller eldre, eventuelt fem eller flere når barna er under tre, og*
- c. *Virksomheten utføres mot godtgjøring*  
*Virksomheter etter første ledd må være godkjent før driften settes i gang.*

### Barnehagelova § 10 Godkjenning

*Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf §§ 1, 1a og 2.*

*Kommunen kan ved godkjenningen sette vilkår med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid.*

*Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.*

### Saksutgreiing / vurdering:

Kolås barnehage er ein kommunal barnehage som ligg på Lindås. Den er lokalisert i to bygg. Hovudbygget ligg nede ved senteret og består av to avdelingar, Regnbogen og Gullgruva. Soria Moria ligg i gymnastikkbygget ved sida av barneskulen. Begge bygga er godkjente etter *forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*

Rettleiande norm for leikeareal inne er 4 kvadratmeter netto per barn over tre år og om lag 1/3 meir for barn under tre år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gongar så stort som leike- og opphaldsarealet inne.



- Regnbogen og Gullgruva har eit godkjent leike- og opphaldsareal inn på 127,4 m2. Desse to avdelingane kan til saman gje plass til 31 barn over 3 år. Er barna under 3 år, må tal barn reduserast. I dag er desse to avdelingane brukte som småbarnsavdelingar med 10 barn på kvar avdeling.
- Soria Moria har eit godkjent leike- og opphaldsareal på ca 260 m2. Avdelinga er godkjent for 30 barn over 3 år.

Begge bygga har tilstrekkeleg med uteareal i høve til norma.

Lov om barnehage § 17 Styrar og § 18 Barnehagens øvrige personale inneheld krav til bemanning i barnehagen. Kolås barnehage stettar desse krava.

Etter § 7 Barnehageeierens ansvar skal eigar fastsetje vedtekter for barnehagen. Her kjem det fram kva opplysningar vedtektene skal gje. Lindås kommune har utarbeidd vedtekter for dei 3 kommunale barnehagane som er i tråd med krava i § 7 i Lov om barnehage.

I § 19 *Politiattest* vert det stilt krav til å leggje fram politiattest for dei som skal arbeide i barnehagen. Styrar i Kolås barnehage stadfestar i e-post datert 03.10.2016 at alle som arbeider i barnehagen, både fast tilsette og vikarar, har lagt fram politiattest utan merknader. Styar sjølv har lagt fram politiattest datert 20.08.2007.

Lov om barnehage § 1 *Formål* og § 2 *Barnehagens innhald* gjev reglar for kva eit barnehagetilbod skal innehalde. Formålsbestemmelsen fastset barnehagen sitt samfunnsmandat, og kva verdigrunnlag barnehagen skal byggje på. I § 2 vert innhaldet i barnehagen beskrive. Gjennom forskrift, rammeplan, fastset departementet reglar for innhaldet i barnehagen.

Kolås barnehage har gjennom fleire år jobba etter metoden de utrolige årene, DUÅ, og Dinosaurskulen. Desse metodane har fokus på sosial- og emosjonell kompetanse. Barnehagen jobbar også med dialogisk lesing. Med utgangspunkt i desse metodane er leiken satsingsområde i barnehagen dette barnehageåret.

#### **Vedtak:**

Kolås barnehage vert godkjent etter § 10 i Lov om barnehage.

- Regnbogen og Gullgruva vert godkjent for til saman 31 barn over 3 år. Er barna under 3 år, må tal barn reduserast.
- Soria Moria vert godkjent for 30 barn over 3 år.

Rådmannen legg til grunn at Kolås barnehage vert driven etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for barnehagedrift.

#### **Grunngjeving:**

På bakgrunn av innkomne dokument, og etter samtale med styrar i Kolås barnehage, vert Kolås barnehage godkjent.

**Orientering om enkeltvedtak:**

*Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen De får dette brevet. Klagen skal stilast til den instansen som har fatta vedtaket. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Dei er klageinstans for enkeltvedtak fatta med heimel i barnehagelova.*

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Kolås barnehage

5955

LINDÅS